

## Møtereferat

Dato: 10.10.2016

Emne:	<b>Møte i styringsgruppa Campus Bergen - referat frå møtet 06.10.2016</b>	
Til stades:	Anne Gine Hestetun, Britt Karen Spjeld, Vibeke Johannesen, Frode Karlsen, Pia Mørk Andreassen, Pål Hafstad Thorsen, Helge Johnsen, Odd Bjarne Berdal, Torhild Næss Vedeler, Anita Lyssand, Ole Gunnar Søgne, Knut Songve, Hanne Espe Frå PwC: Ivar Borge, Eirik Tenfjord og John Wikstrøm	
Forfall:	Birthe Andersen Haugen, Rune Titlestad	Sak: 2016/299-16
Møtetid:	6. oktober 9-12	Møtestad: Haukeland Universitetssjukehus

**Møteleiar: Anne Gine Hestetun****Referent: Hanne Espe**

Møtet starta kl. 09.00 med omvising på Energisenter for barn og ungdom som skal opne 10. februar 2017.

### 2.1 Godkjenning av referat frå møte 17. juni 2016

vedtak: Referatet godkjent.

### 2.2 Presentasjon av mogleighetsstudie Idrettscampus Bergen v/ PwC

vedtak: Teke til etterretning med innspel frå aktørane.

Innspel frå styret;

Positiv respons på rapporten frå PwC.

Aktørane er einig i å strekkje seg forbi konsept 1 og sikte mot konsept 2.

Bergen kommune peikar på at det som ligg i rapporten harmonerar godt med det som ligg i idrettsplanen som er på høyring. Kommunen er positiv til å bidra både i form av kompetansedeling og i utvikling og investering i nye anlegg etterkvart.

Helse Bergen understrekar at eige bidrag inn i campus vert forskning og kunnskap. Dei poengterer også sakk av fokus på rehabilitering i prosjektet/rapporten.

Høgskolen i Bergen er positiv til regionstanken som er løfta inn i modellen, og er også positiv til område som er peika på. Saknar fokus på lærarutdanninga i prosjektet.

SK Brann ønskjer å anerkjenne breidde i prosjektet og er svært positiv til å vere med å bidra til utvikling av t.d. trenar kompetanse.

### 2.3 Moglegheiter for og ønskjer om vidare opsjon på oppdraget til PwC

vedtak:

- Styringsgruppa ønskjer hurtig vidareføring av prosjektet og går inn for å utløyse opsjon (fase 2) frå PwC. Av avsette midlar i 2016 er det manko på kr 150.000,- for å finansiere opsjonen. Hordaland idrettskrets vil be idrettsforbundet om å løyse ut kr 50.000,- som vart sett av for 2017. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune løyver kvar kr 50.000,- inneverande år.
- Frist for gjennomføring av fase 2 er sett til 1. desember. Dette for at aktørane skal kunne handsame dette opp mot eigne budsjetthandsamingar.
- Styringsgruppa delegerer oppfølging og omformulering av opsjonen til arbeidsgruppa.
- Aktørane forpliktar seg til samarbeidet i 2 år. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune set av til saman kr 3 mill kvart av dei to komande åra – 2017 og 2018 – for vidare utvikling av prosjektet. I dette ligg kostnader til m.a. ein stillingsressurs. Dei andre aktørane forpliktar seg også til samarbeidet gjennom kompetanse, forskning og andre ressursar.
- Eksisterande styringsgruppe fungerer inntil evt. ny modell ligg føre.

### 2.4 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus Bergen

Dette punktet vart ikkje handsama.

### 2.5 Vegen vidare

vedtak: Nye møte i styringsgruppa;

- Tysdag 20. desember kl. 8.00 – 11.00 (frukostmøte) på Bikuben (Haukeland Universitetssjukehus).
- Onsdag 11. januar 13.00 – 16.00 på Fylkeshuset.

Styreleiar understreka at det er ønskjeleg at rapporten vert haldt unna offentlegheita inntil det er gjort avtalar om felles pressedekning for prosjektet.